

Nottveit

TEMA: Landskapet ⑨, Kirke og kloster ⑤2

I ei av dei grindbygde løene på NOTTVEIT, på bruk 3, oppdagar vi at fleire av stavane har eit mellomalderleg preg, med store dimensjonar og forseggjorde, aufasa kantar. Etter tradisjonen var det gardane Nottveit og Mostrraum som skaffa tømmer til stavkyrkja på Mo, og det er ikkje usannsynleg at desse gardane fekk attende det gamle tømmeret då det vart reist ny kyrkje i 1593.



Nottveitgardane ved Mofjorden. Bilete frå 1990.

Nottveit ligg like ved innløpet til Mosträumen. I mellomalderen høyrde Nottveit til Munkeliv kloster. Frå 1660-åra kom garden på private hender, og DE FINE-slekta åtte dei fleste bruka til ut på 1700-talet. I matrikkelutkastet frå 1723 står det om denne garden: «... Sæter 1/4 Miil fra Gaarden. Brænde og Fyrreskov til Husbehov, 1 Flomkværn, ligger ved Søen 5 1/2 Miile

fra Bergen. Maadelig Jordhold, tungvunden og ligger indfrossen den hele Vinter. Lever af Kvægavl og Brændeved at sælge». Alle brukarane på Nottveit vart sjøveigarar tidleg på 1700-talet; Nottveitbøndene var faktisk mellom dei første i Modalen som åtte gardane sine. Den vesle kraftstasjonen frå 1941, som står enno i dag, gjorde desse gardane sjølvforsynte med elektrisk strraum fram til 1958. □

SINGEL OG SAND

Dei tre spadane i kommunevåpenet til Modalen, med den spisse kanten nede på bladet, viser at det er ein sandspade; utforma i ei autorisert, heraldisk form. Sand har gjennom fleire generasjonar vore ein naturressurs som har skapt næringsgrunnlag og arbeidsplassar i Modalen. Når is og vatn er i rørsle, gjer naturkreftene grundig arbeid. Under og etter siste istid vart dalar og fjordar forma. Lausmassar – stein, grus, sand og leire – vart førte med isen og elvane nedover dalane og ut i fjordbassenget. Då landet heva seg etter at den tunge iskappa var borte, kom mange grusterrassar over havnivå. Lausmassane gav grunnlag for ei omfattande næringsverksemd i mange fjordbygder.

HJELMÅS TEGLVERK vart bygt i 1854; nedlagt i 1903. Naturråstoffet var lokal leire, her, som på VINNESLEIRA i Fusa (②45). Etter kvart vart sand ei etterspurd vare. Sand vart nytta til dekke på dei mange vegane som no vart bygde, til støyping og til produksjon av bygnings-element. I 1871 byrja einskilde å frakta sand med seglfartøy; særleg folk frå Stamnes-sokna, lengre ute i fjorden. Modølingane byrja først med sanddrift i 1890, i Mosträumen, og leverte til Bergen. Inne på sjølve Mo byrja sanddrifta under første verdskrigen. Gardbrukarane kjørte sanden med hest og kjerre frå sandtaket og ned til sjøen, der han vart lagra i nausta. Når sandskøytena kom, trilla dei sanden ombord med trillebår. I byrjinga av 1900-talet vart det ei meir organisert drift. ØSTERFJORDEN FARTØIFORENING vart skipa i 1915, A/S URDAL SANDKOMPANI i 1912. Dei kjøpte mellom anna opp rettane til sanddrift i Trohaugen i 1936. Drifta vart etterkvart meir rasjonell. Bilar overtok transporten frå sandtaka til fraktefartøya, og det vart bygt steinknuseverk for også å nytta steinen som var innblanda i grusmassane. Singel og sand vart eit varemerke og ei rikdomskjelde for bygdene i indre Nordhordland.

Sandskøyter. (Bilete frå 1980-talet).

